

Møteprotokoll

Utval:	Styret for Fagskolen i Hordaland
Møtestad:	Zoom
Dato:	10.09.2020
Tid:	14:00 – 16:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Emil Gadolin	Leiar	Eigar (A)
Marianne Sæhle	Nestleiar	Eigar (SV)
Rosalind Fosse	Medlem	Eigar (FRP)
Anne Mette Koch	Medlem	Arbeidsliv
Trond Sanne Haga	Medlem	Arbeidsliv
Birgitte Svanevik	Medlem	Arbeidsliv
Sjur Inge Veim	Medlem	Tilsette
Tom Alexander Østensen	Medlem	Studentane

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Bård Sandal	Medlem	Eigar (Adm.)

Merknader

Sandal deltok i starten av møtet.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Torbjørn Mjelstad	Rektor
Adeline B. Landro	Sekretariat
Torill Flatebø	Fagleiar
Christine Kronheim Sommer	Sekretær
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør Opplæring og kompetanse

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
GK 10/20	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste	2020/1479	
GK 11/20	Godkjenning av møteprotokoll frå 20.05.2020 og 22.06.2020	2020/1479	
Referatsaker			
RS 8/20	Rekneskap per juli 2020	2020/1479	
RS 9/20	Ny fagskuletilsynsforskrift	2020/1479	
RS 10/20	Ny tilsett- og studentrepresentant i styret	2020/1479	
RS 11/20	Orientering om saker i fylkestinget 09.-10.06.2020	2020/1479	
RS 12/20	Orientering om søknader om midler	2020/1479	
RS 13/20	Ny søknadsfrist for å søkje om akkreditering av ny utdanning	2020/1479	
RS 14/20	Orientering om nedtrekk i rammetildeling	2020/1479	
Vedtaksaker			
VS 16/20	Løyve til å søkje NOKUT om fagområdeakkreditering	2020/1479	
VS 17/20	Løyve til å søkje NOKUT om ny utdanning for sjømatnæringa	2020/1479	
VS 18/20	Revidering av strategiplan 2018-2023 og strategi for teknisk fagområde	2020/1479	
VS 19/20	Justering av kvalitetssystem	2020/1479	
VS 20/20	Nominasjon til kvalitetsprisen 2020	2020/1479	
VS 21/20	Delegering av mynde i samband med søknader om midlar	2020/1479	

Godkjenningssaker

GK 10/20 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland – 10.09.2020

Vedtak

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

GK 11/20 Godkjenning av møteprotokoll frå 20.05.2020 og 22.06.2020

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland – 10.09.2020

Vedtak

Møteprotokoll frå førre møte vart godkjent.

Referatsaker (meldingar)

RS 14/20 Orientering om nedtrekk i rammetildeling

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 10.09.2020

Vedtak

1. Styret ber fylkesadministrasjonen om ein avklaring på fagskulen sitt bidrag i innsparingstiltaket.

Øvre referatsaker

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 10.09.2020

Styret tok dei øvre referatsakene til orientering.

Munnleg orientering

Rektor orienterte om gjenopning av skulen, samt vidare smitteførebyggande tiltak i høve til Covid-19.

I uke 38 vert all undervisning gjennomført på nett. Samlingane for studentane ved nettbaserte tilbod ver gjennomført på nett til uke 40 for å sikre føreseilegheit i høve til tilreisande studentar.

Styret støttar tiltaka.

Vedtakssaker

VS 16/20 Løye til å søkje NOKUT om fagområdeakkreditering

Forslag til vedtak

1. Fagskulen vert gjeve løye til å søkje NOKUT om akkreditering av teknisk fagområde innan 01.01.2020 slik det kjem fram av saka.

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 10.09.2020

Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Dato for søknad vert endra til 01.11.2020.

Vedtak

1. Fagskulen vert gjeve løye til å søkje NOKUT om akkreditering av teknisk fagområde innan 01.11.2020 slik det kjem fram av saka.

VS 17/20 Løye til å søkje NOKUT om ny utdanning for sjømatnæringa

Forslag til vedtak

1. Fagskolen i Hordaland kan søkje om akkreditering for utdanninga «Grunnleggende vannkjemi, mikrobiolog og fiskehelse innen Akvakultur», 30 stp, nettbasert med samlingar.
2. Det skal søkjast godkjenning for studiestad Austevoll og Nordnes.
3. Fagskulen kan gjere mindre justeringar i studieplanen fram til søknadsfrist.
4. Fagskulen kan starte opp utdanninga som enkeltemnar vinteren 2020 eller våren 2021 som del av RIGHT prosjektet om utdanninga vert akkreditert.

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 10.09.2020

Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fagskolen i Hordaland kan søkje om akkreditering for utdanninga «Grunnleggende vannkjemi, mikrobiolog og fiskehelse innen Akvakultur», 30 stp, nettbasert med samlingar.
2. Det skal søkjast godkjenning for studiestad Austevoll og Nordnes.
3. Fagskulen kan gjere mindre justeringar i studieplanen fram til søknadsfrist.

4. Fagskolen kan starte opp utdanninga som enkeltemnar vinteren 2020 eller våren 2021 som del av RIGHT prosjektet om utdanninga vert akkreditert.

VS 18/20 Revidering av strategiplan 2018-2023 og strategi for teknisk fagområde

Forslag til vedtak

1. Revidert «Strategi for Fagskolen i Hordaland 2018-2023» vert vedteke slik det kjem fram av saka.
2. Strategi for teknisk fagområde vert vedteke slik det kjem fram av saka.

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 10.09.2020

Representanten Fosse føreslo ei justering i revidert strategi i høve til at det vart søkt fagområdeakkreditering i 2018 med nytt punkt 3:

3. Rektor får fullmakt til å justere strategi i tråd med innspel frå styret.

Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke saman med forslag til nytt punkt 3.

Vedtak

1. Revidert «Strategi for Fagskolen i Hordaland 2018-2023» vert vedteke slik det kjem fram av saka.
2. Strategi for teknisk fagområde vert vedteke slik det kjem fram av saka.
3. Rektor får fullmakt til å justere strategi i tråd med innspel frå styret.

VS 19/20 Justering av kvalitetssystem

Forslag til vedtak

1. Rutine for å utvikle ny utdanning eller gjere vesentleg endring under akkreditert fagområde vert vedteke.
2. Årshjulet i kvalitetsmeldinga vert endra slik det kjem fram av saka, og administrasjonen gjer tekstlege endringar i systembeskrivinga i tråd med justert årshjul.
3. Mandat for fagråda vert endra slik det kjem fram av saka.

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 10.09.2020

Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Rutine for å utvikle ny utdanning eller gjere vesentleg endring under akkreditert fagområde vert

vedteke.

2. Årshjulet i kvalitetsmeldinga vert endra slik det kjem fram av saka, og administrasjonen gjer tekstleige endringar i systembeskrivinga i tråd med justert årshjul.

3. Mandat for fagråda vert endra slik det kjem fram av saka.

VS 20/20 Nominasjon til Kvalitetsprisen 2020

Forslag til vedtak

1. Styret for Fagskolen i Hordaland nominerer tiltaket «Trening på uønskede hendelser og nestenulykker med virkelige caser» til kvalitetsprisen for 2020.

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 10.09.2020

Representanten Veim føreslo at prosjektet Eg e-lærer også vert nominert og at dette vert lagt til vedtaket som følgjer:

1. Styret for Fagskolen i Hordaland nominerer tiltaka «Trening på uønskede hendelser og nestenulykker med virkelige caser» og «Eg e-lærer» til kvalitetsprisen for 2020.

Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke saman med forslaget til representanten Veim.

Vedtak

1. Styret for Fagskolen i Hordaland nominerer tiltaka «Trening på uønskede hendelser og nestenulykker med virkelige caser» og «Eg e-lærer» til kvalitetsprisen for 2020.

VS 21/20 Delegering av mynde i samband med søknadar om midlar

Forslag til vedtak

1. Styreleiar vert gjeve mynde til å godkjenne og signere søknader om tilskot og utviklingsmidlar som samla sett ikkje har ein eigenandel på over kr. 300 000,- per budsjettår (ikkje medrekna eigeninnsats).

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 10.09.2020

Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Styreleiar vert gjeve mynde til å godkjenne og signere søknader om tilskot og utviklingsmidlar som samla sett ikkje har ein eigenandel på over kr. 300 000,- per budsjettår (ikkje medrekna eigeninnsats).

Ymse

Styreleiar ønskjer ein status frå fylkesadministrasjonen om bruk av midlar til kompetansepoltiske tiltak i samband med Covid-19. Fylkesdirektør Opplæring og kompetanse vil undersøkje og sende eit svar.